

## KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/65/21

av 14. januar 2011

**om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjeverer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til tettingsmassar til bruk i ikkje-berande konstruksjonar i bygningar og gangveggar***[meld under nummeret K(2011) 62]*

(2011/19/EU) (\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 4,

etter samråd med Det faste byggjutvalet og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I samband med samsvarsattestering av ei vare må Kommisjonen velje ein av dei to framgangsmåtene i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF. I den nemnde artikkelen er det fastsett at Kommisjonen bør velje den framgangsmåten som «er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Difor må det for ei viss vare eller varegruppe avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikk finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent organ for å rette seg etter dei kriteria som er fastsette i artikkel 13 nr. 4 i det nemnde direktivet.
- 2) Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, førast opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene som er nemnde i dei tekniske spesifikasjonane, identifiserast.
- 3) Dei to framgangsmåtene som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF, er utførleg omtala i vedlegg III til det nemnde direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtene skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.

- 4) Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn og andre og tredje alternativ. Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Dei varene og varegruppene som er førte opp i vedlegg I, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som produsenten gjennomfører ved fabrikk, vert nytta eit godkjent organ til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

*Artikkel 2*

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg II skal gå fram av mandata for harmoniserte europeiske standardar.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 14. januar 2011.

*For Kommisjonen*

Antonio TAJANI

*Visepresident*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 11 av 15.1.2011, s. 49, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 197/2012 av 26. oktober 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 6 av 24.1.2013, s. 12.

(<sup>1</sup>) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

*VEDLEGG I*

Følgjande tettingsmassar til bruk i ikkje-berande konstruksjonar i bygningar og gangvegar:

1. Tettingsmassar til yttervegger og/eller innervegger, skiljevegger.
  2. Tettingsmassar til glas (bortsett frå tettingsmassar til akvarium, bærande glas, første og ytre tetting for tilverking av isolerte glastruter, vassrette glastruter (under 7°) og organisk glas).
  3. Tettingsmassar til sanitærutstyr (bortsett frå til industriell bruk, drikkevatn, undervassbruk (symjebasseng, kloakksystem osv.) og til utstyr som kjem i kontakt med næringsmiddel).
  4. Tettingsmassar til gangvegar (bortsett frå bruk til kjemisk inneslutting, undergangar, bruk til vegar og andre trafikkområde, lufthamner og reinseanlegg).
-

## VEDLEGG II

*Merknad:* Når det gjeld varer som har fleire enn eitt av dei tiltenkte bruksområda som er førte opp i varegruppene nedanfor, vert dei oppgåvene som ligg på det godkjente organet og er avleide av dei ulike systema for samsvarsattestering, kumulative.

## VAREGRUPPE

**TETTINGSMASSAR TIL BRUK I IKKJE-BERANDE KONSTRUKSJONAR I BYGNINGAR OG GANGVEGAR (1/2)****System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN/Cenelec oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte europeiske standardane:

Vare	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar	AoC-system
— Tettingsmassar til yttervegger	Utandørs bruk	—	3
— Tettingsmassar til innervegger, skiljevegger	Innandørs bruk	—	4
— Tettingsmassar til glas	Til bruk i byggverk	—	3
— Tettingsmassar til gangveggar		—	3
— Tettingsmassar til sanitærutstyr		—	3

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

Spesifikasjonane for systemet bør vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

## VAREGRUPPE

**TETTINGSMASSAR TIL BRUK I IKKJE-BERANDE KONSTRUKSJONAR I BYGNINGAR OG GANGVEGAR (2/2)****System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN/Cenelec oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte europeiske standardane:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
Tettingsmassar til bruk i ikkje-berande konstruksjonar i bygningar og gangveggar	Til bruk som er underlagd reglar for yting ved brannpåverknad	A1 <sup>(*)</sup> , A2 <sup>(*)</sup> , B <sup>(*)</sup> , C <sup>(*)</sup>	1
		A1 <sup>(**)</sup> , A2 <sup>(**)</sup> , B <sup>(**)</sup> , C <sup>(**)</sup> , D, E	3
		(A1 til E) <sup>(***)</sup> , F	4

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

(\*) Varer/materiale der det på eit klart atkjenneleg stadium i produksjonsprosessen finn stad ei betring av klassifiseringa med omsyn til yting ved brannpåverknad (t.d. tilsetjing av brannhemmande middel eller ei avgrensing av organiske materiale).

(\*\*) Varer/materiale som ikkje er omfatta av fotnote (\*).

(\*\*\*) Varer/materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje treng prøvast (t.d. varer/materiale i klasse A1 i samsvar med kommisjonsvedtak 96/603/EF).

Spesifikasjonane for systemet bør vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

---